

# Kyrkjeblad for Fjaler

Nr. 3 oktober 2009

67. årgang



STØRST AV ALT

BARN OG UNGD I DEN NORSKE KYRKJA

# Gud er kjærleik - kven er du?

*Gud er kjærleik.  
1.Joh. brev kap. 4*

*Du skal elske Herren, din Gud  
over alle ting.  
Du skal elske nesten din  
som deg sjølv.  
Mattusevg. kap.22*

*Sjå kor stor kjærleik  
Faderen har synt oss:  
Vi skal kallast Guds born.*


*Har Gud elska oss så,  
då er vi og skuldige  
å elske kvarandre.*

*Den som elsker  
er fødd av Gud  
og kjenner Gud.  
Den som ikkje elsker  
har aldri kjent Gud.  
1.Joh. brev kap.4*

*Elsk fiendane dykkar  
og be for dei som forfylgjer dykk  
så de kan vere born  
av Far dykkar i himmelen.  
Matteusevg. kap.5*

*Så høgt har Gud elska verda  
at han gav son sin, den einborne,  
så kvar den som trur på han  
ikkje skal gå fortapt  
men ha evig liv.  
Joh. evg. kap.3*

*Den som gjer det gode  
er av Gud.  
3. Joh. brev vers 11*



Herre,  
gje meg kjærlege levedagar,  
levande dagar fylte av godheit.

Herre,  
gje at eg kan trø varleg  
så eg ikkje sårar  
– at hjartet mitt ikkje må bli styrt  
av dømesykje, hat eller hemn  
– at tunga mi ikkje må presse fram  
ord som talar mitt vondt om nokon  
– at huset mitt ikkje må ha stengde  
dører.

Herre, gje meg levedagar  
– ikkje berre i bruk for eige eg,  
men også til glede for andre.

Dei som går i skuggane,  
dei som går skeive  
i bortgøymd smerte,  
gje meg styrke og frimod  
til å oppmuntre  
og hjelpe dei opp i solbeltet.  
Du veit, eg har gått der nede sjølv  
med vonbrot og motløyse.

Gje meg kraft til å høyre  
på dei ufordragelege  
som berre snakkar om seg sjølv  
og alltid legg skulda på andre.  
Gje meg tolmod til å lytte  
til dei har snakka i frå seg  
og kan begynne det nye livet.

Herre, hjelp meg til å like meg sjølv  
og dei som har brukt opp  
alle tabbevotar.  
Gje meg litt meir av ditt sinnelag,  
meir av ditt tilgjevande 70 gonger 7.  
Mot til å leve heilt og ærleg.  
Ta imot kalde skuldrer  
og likevel elska menneska.  
Du som ofra deg heilt  
– for meg, for oss alle,  
legg handa di på panna mi  
og velsign meg  
så eg kan gå ut i kvardagen  
med kjærlege steg;  
med mildt hjarte  
og velsignande hender – eg og.

# På Kyrkjebakken

## NORD-SØR-SØNDAG 18. OKTOBER

På nord-sør-søndag er det den tradisjonelle økumeniske gudstenesta i Dale kyrkje kl. 11.00, der konfirmantar og elevar frå UWC tek del i gudstenesta med mellom anna song. Som vanleg går takkofferet til TV-aksjonen, og i år går pengane til CARE Norge, som er omtala på side 7.

Vi håpar at mange vil komme til denne spesielle gudstenesta og støtte dette viktige arbeidet.

## TAKK

Tusen takk for gåva på kr. 13.005,- til Alværa Misjonssenter, som vart samla inn jonsokdag 24. juni i Guddal.

Vi set utruleg stor pris på at de vil støtte oss.

Helsing

Alværa Misjonssenter

v/Kirsten Systad

-styrar-

## MISJONSMESSE FOR DET NORSKE MISJONSSKAP(NMS) FØRDE KYRKJETUN 31.OKTOBER 2009.

kl. 12.00 Opning av messa.

kl. 14.00 Familiesamling

kl. 16.30 Misjonsfest/trekking av hovudlotteri.

Den årlege sals- og lotterimessa for NMS i Sunnfjord inviterer til kafé, lotteri, salsmesse, familiemøte og misjonsfest.

Messa vert kombinert med ei salsutstilling for Åsmund Johan Heggheim sine bilete. Heggheim var misjonær for NMS i Kamerun, prest i Hyllestad og sidan pensjonist i Dale. Inntekta frå sal av bileta går til Alværa Misjonssenter. På opninga av messa vert gutekoret i Førde med og syng.

Knøttekoret i Førde under leiging av Gro Anthun vert med på familiesamlinga. På misjonsfesten vert tidlegare Brasil-misjonær Åse Edith Snøtun med og fortel og forkynner. Trekking av hovudlotteriet.

Vel møtt til misjonsinspirasjon, felles-

skap og eit økonomisk løft for misjonen.

Arr: Områdeutval for NMS og messekomiteen.

## VISST SKAL VÅREN KOMME

I Dale kyrkje på Helgemessesundag 1. nov kl. 16.00 er det songgudsteneste der Cantus framfører ein del av verket Visst skal våren komme av Eyvind Skeie og Sigvald Tveit med solist Joy Taylor og eit band samansatt av Katerina Solomanjuk (fløyte), Øyvind Dybvik (gitar), Harald Løkeland (bass) og Mats Systaddal (trommer).

Vi får høyre om Johannes sine syner i Johannes Openberrig. Han ser eit kosmisk drama utspele seg, eit drama som handlar om dom og undergang, men ikkje utan tru og håp. Inn i undergangens bilete blir draumen vove, og forventninga om alle tings forvandling – ein ny himmel og ei ny jord skal stige fram i nyskapt glans og venleik. Gjennom alt dette ser Johannes den store Meister, han som blir kalla Lammet.

Skeie skriv: "I disse sangene har vi søkt å fremholde denne visjonen og dette håpet. Det er vårt håp i dag. Det som gir oss mot til å tro og leve."

På det kristne håpets festdag, Helgemessesøndag, passar det å høyre om dette håpet når vi minnest våre døde. Vel møtt!

## LJOSHEIMBASAREN

Søndag 8 november kl 16.00

Denne søndagen i november tek vi ettermiddagskaffien på Ljosheim og støttar opp om Ljosheimsbasaren! Ljosheim er mykje brukt gjennom året til søndagsskule, dåpsskule, konfirmantundervisning, korøving, soknerådsmøte, m.v. Soknepresten har litt humoristisk sagt at han ser på Ljosheim som sin andre heim - nettopp fordi Ljosheim er det einaste bygget kyrkjelyden brukar ved sidan av sjølve kyrkja. Sånn sett er Ljosheim særskilt viktig for kyrkjelyden som soknar til bygget.

No satsar Ljosheimforeininga - Hilda Haugen og hennar medhjelparar på ny basar. Når dei gjer ein slik kjempeinnsats, så må vi støtte opp om dei. Og det er også heilt naudsynt skal vi kunne behalde huset. Takka vere inntektene frå Ljosheimbasaren, samt Hilda og "damene" hennar sin innsats ved minnestundene på Ljosheim, gjekk rekneskapen i fjor i balanse.

## JULEKONSERTAR

Har du begynt å glede deg til jul alle-reie? Set av desse datoane til julekonsertane våre:

*Guddal kyrkje onsdag 9. desember.*


*Folkestad kapell søndag 13. desember*

*Dale kyrkje tysdag 15. desember*

## TRUSOPPLÆRARSTILLINGA FJALER – GAULAR.

Det lukkast ikkje å få tilsett ny trusopp-lærer etter at stillinga var lyst ledig i vår, og trusopp-læringsmedarbeidaren slutta i sommar. Dette har medført at nokre av tiltaka som var starta er blitt reduserte, medan andre går som planlagt.

*Framsidedeilete: Irene Fløde*



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid. Ta gjerne kontakt!

# Fjaler sokneråd frå 1. november 2009 og i to år

**Velkomne til arbeid i Fjaler sokneråd dei neste to åra.**

## **Faste medlemmer – 8 stk**

Terje Roald Halsnes	Dale
Aud-Torhill Våge Haugstad	Korssund
Odd Jarle Kjørstad	Dale
Jarle Skaar Langeland	Guddal
Ann Elise Kviteberg	Korssund
Asbjørn Igelkjøn	Flekkje
Sølvi Ann Solheim Løkkebø	Dale
Geir Magne Kleppe	Dale

## **Varamedlemmer – 5 stk**

Solveig Lie Huseklepp	Guddal
Kåre Ove Eimind	Hellevik
Arne Mortensbakke	Dale
Sissel Thuland Haugsbø	Dale
Annette Hagen Gallefoss	Guddal

Tre av dei faste medlemmene og ein av varamedlemmene vart med vidare

## **Takk til deg som røysta ved soknerådsvalet – flott auke sidan førre val!**

Valoppslutninga til soknerådsvalet passerte 20 %, og det var over seks gongar så mange som røysta ved dette soknerådsvalet som ved førre val då det berre var 6,6 som røysta. I høve dei røysteføre i kvar røystekrins var oppslutninga størst i Guddal røystekrins der valoppslutninga var 54%. Bakkebø 34%, Våge 30%, Flekke 29,8%, Hellevik 15% og Dingemoen 13,3%. På grunn av feil i manntalet kan det ligge inne ein liten feilmargin.

## **Takk til deg som hjelpte oss med å avvikle valet og var med og talde opp røyster.**

Avviklinga av dei kyrkjelege vala i Fjaler gjekk greitt. Takk til alle valfunksjonærene ved dei seks røystestadane som stilte opp og hjelpte til. Takk også til dei som var med og talde opp røystene.

Valet vart, i alle seks røystekrinsane, avvikla i same bygningen og med same opningstida som ved stortingsvalet. Vallokalet i Dingemoen røystekrins stengde ikkje før kl 20 på

valkvelden. Det er mogeleg at med utvida opningstid i Dale, så kunne kanskje opningstida i krinsane vore endra frå kl 13 til kl 18, og ikkje som no frå kl 11 til kl 17 (18 i Våge).

## **Kyrkjeverja meiner at valordninga til soknerådsvalet kunne vore meir oversiktleg og meir demokratisk.**

Ved soknerådsvalet kan rettingane som kan gjerast på røystesetelen oppfattast forvirrande. Særleg det at dersom ein kumulerer ein person nede på vallista, så må den personen få eit lægre nummer eller flyttast opp, skal den røysta bli tald med. Her burde ein kanskje arbeide for å få til ei valordning meir lik det kommunale valet. Dessutan meiner kyrkjeverja at alle som fekk røyster bør teljast, og ikkje berre summen av dei faste medlemmene og varamedlemmene – hos oss var det 13 røyster på kvar røystesetel.

## **Direkte val av tre av dei sju leke medlemmene til Bjørgvin bispedømeråd. Preferanseval**

Det var forvirrande med to ulike valordningar. Ikkje alle som stemde på Fjaler sokneråd, stemde på Bispedømerådet. Dette kom nok av at det er noko heilt nytt med direkteval av nokre av dei leke medlemmane til bispedømerådet / kyrkjemøtet. Og kyrkjeverja fekk inntrykk av at det var dei færraste som kjende til kandidatane som sto på lista. Her burde det ha vore sendt ut meir informasjon om personane saman med valkortet. Ved såkalla preferanseval er kandidatane sette opp alfabet-



Frå biblioteket i Dale

## Desse vart valde inn i Bjørgvin bispedømeråd



Veljarane gav flest røyster til Ingmar Ljones, Bodil Birkenes og Cathrine Halstensen. Dei fire siste leke medlemmene skal veljast av sokneråda innan 1. desember.

Bispedømerådet skal ha 10 medlemmer. I tillegg til dei sju leke medlemmene, skal prestane velja ein representant og dei lek kyrkjeleg tilsette ein representant. Dette skjer også med frist 1. desember. Biskopen er fast medlem. Ved kyrkjevalet i Bjørgvin var det 37974 veljarar som røysta på valet av medlemmer til Bjørgvin bispedømeråd/Kyrkjerådet.

Med 392006 røysteføre, gjev det ein valoppslutnad på 10,3 %.

Valresultatet blei klart etter teljing ved Universitetet i Oslo, overvaka av valrådet i bispedømet. Dagane sidan valet var ferdig har gått til å senda alle røystene til Kyrkjerådet via post, lesa dei inn på data og stadfesta tolking av røystesetlar som ikkje kunne lesast av ein maskin.

Dei som er valde blir òg medlemmar av Kyrkjemøtet, som møtest etter påske 2010 og 2011.

Kjelde: [www.kirken.no](http://www.kirken.no)

isk, og ein må setje minst eitt kryss skal røystesetelen vere gyldig. Det er tre av dei sju leke medlemmane til bispedømerådet / Kyrkjemøtet som vert valde ved preferanseval – direkteval. Dei 4 neste skal veljast av det nye soknerådet i november.

### Manntalet ved kyrkjevalet var mangelfullt, men det var utanfor vår kontroll.

Mange var, med rette, frustrerte over at dei ikkje sto i manntalet når dei skulle røyste ved kyrkjevalet i Fjaler. Dette beklagar vi sterkt, men det var utanfor vår kontroll. Dei ansvarlege for medlemsregisteret, som også er ansvarlege for det kyrkjelege manntalet, skuldar på Statens kartverk !?. Alle som røysta i Fjaler på valdagane,

med unntak av ein, sto i medlemsregisteret, men ein del hadde "dotte" ut av manntalet. Grunnen til at det hadde skjedd, er visstnok at desse personane ikkje var oppførte i Fjaler sokn i medlemsregisteret. Vi seier oss leie for dette og håpar sterkt at det er retta til neste val om to år. Før oppteljinga vart desse sjekka med medlemsregisteret og førte inn i manntalet og kryssa av.

**TIL SLUTT TAKKAR VI IGJEN FOR DEN AUKA INTERESSA FOR KYRKJEVALET, OG HÅPAR AT OPPSLUTNADEN VERT ENDÅ STØRRE VED KYRKJEVALET OM TO ÅR!**

Irene Fløde - kyrkjeverje

## Høst

*Høst  
rimer ikke med trøst.*

*Det som rimer  
er frost som glimer  
på visnen mark.*

*Det som trøster  
er lys i strimer  
og alt du høster  
fra gavmild jord.*

*Vemodsvakkert,  
nakent og bart,  
blir livet klart  
for det som kommer*

*-til neste sommer.*

*Det kan rime.*

SS

*"Lauvet fell om hausten av,  
om våren atter det spretter.  
Døden herjar om land og hav,  
men livet kjem alltid etter."*

Ivar Aasen

## Høsten er lang

*Lang er høsten  
Kort er trøsten  
av det som var.*

*Trist er løvet  
Svart er støvet  
av det som var.*

*Trå er tanken  
Brå er anken  
på det som er.*

*Fjern er roen  
Svak er troen  
på det som blir.*

*Vis meg broen  
til nyskapt liv!*

SS

sjå innoim nettsida vår:

[www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)

# Fjaler sokn sitt misjonsprosjekt LANDSBYUTVIKLING i MALI

Dale kyrkjelyd og seinare alle kyrkjelydane i Fjaler, har i mange år støtta landsbyutviklingsprosjektet i Mali. I dei siste åra har det vore støtte til alfabetiseringskurs og brønnboring m.fl.

## Det nyttar å hjelpe.

940 tidlegare analfabatar, derav 408 kvinner, har lært å lese, skrive og rekne.

73 prosent av befolkninga på 19.000 i 39 landsbyar i region Mopti i Mali har no tilgang på reint vatn. Då NMS starta prosjektet for fem år sidan, galdt det berre for 25 prosent. Medeigarskap og dugnad gir brønn og vatn. Det er grave 16 vide brønner og tre pumpebrønner. Det er vidare etablert 16 funksjonelle vasskomitear som har ansvar for å forvalte vatnet. Dette samsvarer med det norske systemet med lokale vassverk. Landsbyane betaler 10% egedel i tillegg til dugnadsarbeid med å grave og bere sand og stein.

Etter mange års aktivitetar i ulike integrerte utviklingsprosjekt i region Mopti, er det no starta **eit nytt prosjekt** med planlagt varigheit frå 2009-2013. Dette består av to delar:

- miljøvennleg forvaltning av naturressursane - utvikling i Seno-området.
- styrking av kvinner sine rettar i deltaområdet (PEFD)

Ved å støtte dette prosjektet bidrar du til miljøvennleg utvikling og styrking av kvinnene sine rettar.

Ressursforvaltning: Arbeidet skal gå føre seg i to ulike område i Mopti. Deltaområdet er området rundt elva Niger som deler av året er overfløymd. I dette området er det busett mange fiskarar, bønder og halvnomadar. Det er et konservativt muslimsk område, og det har i periodar vore store konflikhtar rundt ressursforvaltninga.

Seno-området er eit tørt område. Nomadar bur spreidde med dyreflokk-



ane sine, og tilgang til reint vatn og beite for dyra er ei hovudutfordring.

**Forhindre omskjeriing:** I Mali blir dei fleste unge jentene kjønnslemlesta. MELM, som er fellesorganisasjonen som NMS er ein del av, har hatt eit svært vellukka prosjekt/tiltak for å forhindre omskjeriing av jenter i Fatoma, sør for det nye prosjektområdet. Denne erfaringa ønskjer ein å bruke i det nye prosjektet.

**Planlegging:** Det første året skal det gjennomførast ein studie i planlegging. Det er vanleg å halde kurs for befolkninga og for lokale myndigheit-er, slik at dei kan delta i utarbeidinga

av prosjektet. Dette prosjektet har litt ulikt fokus frå tidligare, noko som krev ein litt annan kompetanse.

## Støtt kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt!

Det norske Misjonsselskap (NMS) takkar for engasjement i prosjektet Landsbyutvikling i Mali.

Vil du bli fast gjevar, tek du kontakt med NMS sjå [www.nms.no](http://www.nms.no)  
Ønskjer du å gje ei gåve, bruk konto-nummer 8220 02 85030 og merk innbetalinga med prosjektnr 622 486.

IF – Kjelde: NMS si heimeside m.m.

# Care Norge

TV-aksjonen er NRK sin årlige innsamlingsaksjon, og den vert i år avvikla søndag 18. oktober.

TV-aksjonen er i år tildelt CARE sitt arbeid for å hjelpe fattige kvinner og familiare deira. CARE er ein av verdas største bistandsorganisasjonar og vert i Norge leia av generalsekretær Marte Gerhardsen. TV-aksjonen 2009 har fått tittelen "Hjelp til kvinner hjelper flere".

CARE hjelper jenter og kvinner fordi dei vert hardest råka av fattigdom og nød, og fordi vi har erfart at hjelp til kvinner er den mest effektive måten å drive bistand på. Vi veit at når kvinner får betre økonomi, så brukar dei pengane på mat, helsetenester og utdanning for heile familien.

TV-aksjonen CARE skal finansiere mikrofinansprosjekt for kvinner i tre verdsdelar, i Bangladesh, Burundi, Burma, Mali, Niger, Rwanda, Sri Lanka, Tanzania, Uganda og Vest-Balkan. Vi kallar metoden spare- og lånegrupper. 15 - 30 kvinner går saman i grupper og sparar små beløp av eigne pengar kvar veke under rettleiing av ein CARE-medarbeidar.

Spare- og lånegrupper skapar ein tryggare økonomisk plattform for kvinnene og familiare deira. I tillegg er gruppene ein sterkt fellesskap der dei spreier kunnskap om mødrehelse og

snakkar om vanskelege og ofte tabubelagde spørsmål, som valdtekt og omskjering. Det viser seg og at spare- og lånegruppene har ein positiv effekt i forhold til demokratisering, gjennom at kvinnene involverer seg i samfunn og politikk. Berre i Niger er 200.00 kvinner med i slike grupper. CARE håpar at så mange som mogeleg vil vere med å støtte opp om aksjonen og bidra til at den blir ein suksess. Skal den bli det så treng vi bøsseberarar. Meld deg på telefonnummer 02025!

## - Eg får lov til å hjelpe andre

*Angelique Awa (29) fekk hjelp av CARE då ho flykta frå Rwanda. I dag jobbar ho sjølv for CARE.*



– Det er draumejobben min. Eg får lov til å hjelpe andre som er i naud slik CARE hjelpte meg den gongen. No jobbar Angelique for TV-aksjonen som i år går til CARE.

Angelique var berre 15 år da ho og familien hennar blei tvinga til å flykte frå folkemordet i Rwanda i 1994.

– Det var to millionar flyktingar i Goma! Vi visste ikkje korleis vi skulle skaffe oss mat eller det andre vi trengde for å overleve. Det var først da hjelpeorganisasjonane begynte å dele ut mat og anna nødhjelp at vi fekk mat. Det var første gang eg kom i kontakt med CARE

– Det følest bra å jobbe for CARE, den organisasjonen som ga meg tru på at det finst noko godt i menneske sjølv i tider der alt verkar håpløst og svart. Det gjorde veldig inntrykk på meg, seier ho.

## Ekteparweekend i Innvik

30. oktober – 1. november vert det arrangert ekteparweekend på Innvik Fjordhotell.

På same måte som bilen treng service for å fungere tilfredsstillande, er vi overtydde om at eit partilhøve treng "service". Denne weekenden tilbyr vi relevant og oppmuntrande undervisning som er basert på levd liv. Undervisninga på ein weekend kan ha følgjande tema/fokusområder:

- Tilgjjeving – ein nøkkel til eit betre samliv
- Kommunikasjon
- Skilnader mann/ kvinne
- Å forstå seg sjølv og partnar
- Lidenskap/sex
- Barneoppdraging
- Målsetjing for ekteskap og familie
- Foreldra sin påverknad (generasjonar)
- Generelt tema som vil styrkje partilhøvet

Kanskje du og partnaren din skulle unne dykk eit avbrot frå kvardagen, der ein kan oppleve undervisning og fellesskap som vil styrkje tilhøvet dykk i mellom, eller de treng å komme avsides for å få hjelp til det som er vanskeleg.

Arrangør:

Vi er fem par i Sogn og Fjordane som utgjer ein komite som arrangerer weekendar i regi av Ungdom i Oppdrag/ Familiefokus

Ta kontakt for meir informasjon/påmelding:

Sølvi og Bjarte Urnes  
Tlf. 57 82 01 80/ 481 27 556  
Mail: [sgurnes@online.no](mailto:sgurnes@online.no)





"Øving gjer meister." Frå venstre: Hans, Magnar, Leif Gunnar, Terje, Sigurd, Mark og Jofrid.

## KOSETUR OG ØVINGSHELG



"Vi vandrer med freidig mot" til øvingsøkt. Frå venstre: Gro, Berit, Jofrid, Liv, Leif Gunnar, Sigurd, Jorunn, Mark og Dagunn.

Turen starta frå Dale i grålysninga laurdagsmorgon. Alle som var påmelde møtte opp glade og forventningsfulle. Magnar, Sigurd, Terje og Berit fylte bilane og køyrde fint fram til Kjelkenes ferjekai. Fjorden låg roleg, så ferjeturen gjekk fint. Vel framme på Knutholmen blei vi hjarteleg mottekne. Vi fekk god lunsj, og sidan vart vi innlosjerte på fine rom. Resten av dagen gjekk med til øving, og alle song av hjartans lyst, med pause og sosialt samvær inn i mellom, fram til middag. Mens nokre handla, hadde dei spreke ein fin spasertur ut til Kjerringhalsen for å nytte utsikten. Med velfylte magar hadde vi ein liten konsert på flytebrygga på Knutholmen i fantastisk natur. Ein del tilskodarar var der og. Etterpå var det øving att, før vi tok fri og gjekk ut i måneskinet og såg litt på livet på Knutholmen. Sidan gjekk alle til ro og sytte for å vere godt utkvilte til søndagen. Vi vakna til pøsande regnvêr og blest. Men med god frukost innabords, gjekk turen til kyrkja på Kalvåg.





Frå maritimt miljø i gamle, nyrestaurerte sjøbuer. Signe og Dagunn.



Blide jenter mellom regnbygene – i vakkert kystlandskap. Åsa og Jorunn

## på Knutholmen, Kalvåg

Der øvde vi fram til gudstenesta tok til. Cantus song, og Leif Gunnar song solo, med si vakre røyst, og vi fekk applaus av kyrkjelyden 3 gonger! Sidan var det lunsj og øving fram til heimreise. Vi hadde øving på ferjekai på Smørhamn til slutt, før alle inntok ferja og køyrde heim. Alle var vi einige om at vi hadde lært mykje, og at førebuingane fram til jubileumshelga er godt i gong. Mark er ein framifrå dirigent og inspirator, med masse godt tålmod og kjempestort humør.

Ei oppmoding: Kom og ver med i kor-et Cantus!

Jofrid

Foto: Åsa Stav og Ruth Skadal.

Biletetekst: Sigurd.

"Havets festbord" – med eit fantastisk utval av sjømat – det smakte! Frå venstre: Gunn, Solfrid, Signe og Magnar.

Maten var  
førsteklasses,  
det meiner  
også Hilde,  
Olav og  
Dagunn.



# SPRELL LEVENDE LAURDAGSKLUBBEN

På Laurdagsklubben i Dale har vi kjekke stundar med bibelforteljingar, songstund, saft- og kjeks-pause, leik, spel, og teikning. For dei minste borna er det ofte fint om foreldra er saman med dei. Vi brukar å vere mange vaksne som er på Laurdagsklubben, og det vert tid til litt kaffi og ein prat for oss også. Stad: Ljosheim  
Tid: kl. 10.30-12.00  
Leiarar: Gro S Kummeneje, Knut Arne Kummeneje, og Joy Taylor.

## Laurdagsklubb i Guddal!

Ta kontakt med Ingebjørg Gallefoss

på 57 73 88 65 / 974 89 970 for meir informasjon. Kom og bli med!

## Hovland søndagsskule

Om lag ein gong i månaden inviterer Kari Hovland Sæle born til søndagsskule i Hovland bedehus; "Vårvon". Her er ungar frå 5 år og oppover hjarteleg velkomne. Kari ringjer til borna og finn ein dag som passar for

flest mogeleg. Dersom du ikkje har vore med tidlegare, så ta kontakt med Kari på telefon 57 73 86 42.

## Våge søndagsskule

har samling i småsalen i Folkestad bedehuskapell ca. annankvar søndag kl. 11:00. Dei følgjer Norsk Søndagsskuleforbund sitt opplegg. Ruth Skår og medhjelparar ønskjer born frå fireårsalderen og oppover hjarteleg velkomne, og gjerne saman med følgje. Ønskjer du å vite meir, så ring til Ruth på telefon 57 73 75 35.




## Agent-kryss


Send svaret med namn og alder til kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no eller til kyrkje-kontoret og ver med i trekninga av fine premiar! - (Under 18 år)

## Agent-kryss

Her må dere bruke Det nye testamente. Store tall viser kapittel, små tall viser vers. Markus 2,11 betyr altså kapittel 2, vers 11 i Markus. Løsningsordet står i de fargede rutene.

1. Fugl i Matteus 3,16
2. Sot mat i Markus 1,6
3. Elv i Johannes 1,28
4. By i Johannes 11,18
5. Mann i Markus 10,46





Nye agentkryss i hvert **BARNAS**

18 blader + 1 CD i året rett hjem for kun kr 290,-!

Bestill barnebladet BARNAS på [post@sondagsskole.no](mailto:post@sondagsskole.no)

# ”SYNG MED OSS” – I FOLKESTAD

I fleire år har det vore halde ”syng med oss”-kveldar i Folkestad bedehus-kapell. På desse kveldane har kyrkje-lyden fått høyre historia og bakgrunnen til salmar som også vert sunge etter denne introduksjonen. I kyrkja har vi ein stor salmeskatt der dei ulike salmane har sin eigen historie. Mange synest det er både interessant og kjekt å få høyre dette. Fure og Våge Songlag har som regel delteke på desse kveldane, til stor glede for kyrkjelyden. Stunda i kapellet vert avslutta med ei kort liturgisk gudstjeneste.

Etterpå er det matstund i kjellaren i bedehuskapellet, der lokale krefter på vegne av soknerådet, står for serveringa. Mange set stor pris på denne gode kveldsmaten, og samtalene rundt borda fortel om folk som kosar seg.

I Folkestad ønskjer vi å fortsetje med denne gode tradisjonen med ”syng med oss”-kveldar kombinert med god kveldsmat. Det er kjekt når kyrkjelyden samlast på denne måten.

Foto: Kjell Skår



Det er kjekt å kunne samlast etterpå til god mat.



Her er både kabaret, eggerøre, diverse salatar, og meir til. Mykje god mat!



”Serveringsdamene” synest det er kjekt å kunne stå til teneste. Det er nok mange som set pris på det dei gjer! Frå venstre: Randi Fretland, Nora Våge, Ruth Skår og Sigrid Kleppe som er kyrkjjetenar i ytre Fjaler.



Elisa Losnegård likar ”Syng med oss”-kveldane veldig godt. Ho synest det er interessant å høyre salmane sin bakgrunnshistorie.



Ein av songarane i Fure og Våge Songlag, Jofred Åsnes, tykkjer det er gildt å delta på ”syng med oss”-kveldane. At kvelden ikkje sluttar ”oppe”, men at ein samlast ”nede” til kveldsmat etterpå, gjer det ekstra sosialt og triveleg, synest han.



Olai Furset frå Fure og Våge Songlag t.h., saman med sokneprest Knut Arne Kummeneje. Olai synest det er kjekt å treffe folk og å syngje, både i koret og elles. Han likar spesielt dei irske folketonane.



Fure og Våge Songlag har sunge på nesten alle desse kveldane – til stor glede for kyrkjelyden.

# Fyndord

Eg lurte på kva eg skulle skrive denne gongen men så fekk eg ein e-post i dag: Born sine svar på kristendomsprøver - så eg tek med nokre sitat:

*Bibelen består for eksempel av Dei fem musebøker og Marius'evangelium. Dei skriv om mykje pent der, og det handlar om mange artige typar. For eksempel handlar det om Pottimor, Pottifar og Pontius Forlat oss.*

Gud er forholdsvis grei, men han liker ikkje at tjuvar kjem til himmelen utan grunn.

Nå er det blitt ozonhull i himmelen. Det gjør at golvet til Gud ikkje er helt tett lenger. Det kan bli eit problem.

*Kona til gud heter Gudmor. Hun er moren til alle barne-barna hans; Moses, Jesus og Julenissen,*

Det er presten som bestemmer når man skal graves ned. Han sender nokre på gamleheim, og så graver han ned dei som blir til overs.

*Det er mange i himmelen: Alle som er døde er der, pluss Gud og Jesus og den dårlige Ånde.*

*Det er noen som har ein hellig lama. Det er egentlig ein lit-en kamel. Det heter Dalai-lama. Eg trur det er ein engel.*

Når man gifter seg, gir man kvarandre at tausskapsløfte. Viss man ikkje held det, blir man skilt, og da må man dele på lamper og knivane, og som regel blir man ikkje einige om kven som skal ha barna. De som ikkje blir einige om det, må gå til børsmeklar. Han bestemmer at den eine skal ha barna, så får den andre et spisebord ekstra.

if



# I kyrkjelyden sidan sist

## Dale

### Døpte:

Ida Kvile Hjartholm (døpt i Gulen kyrkje)  
Sigurd Nyland  
Nikolai Saki Viken  
Jarand Vatnelid  
Astrid Sandsund-Lie (døpt i Olavskirken)  
Mats Solheim Langeland  
Ninni-Mari Arntzen Haaland

### Vigde:

Line Høgheim og Ståle Brattelid  
Kirsten Irene Bjergene Kleppe og Geir Magne Kleppe (forbøn for inngått ekteskap)  
Sonja Katrin Stølen og Jan-Helge Solheim  
Rebekka Wilhelmsen Solheim og Jarle Reinsnos  
Hege Vosseteig og Magn-Helge Brattelid (forbøn for inngått ekteskap)

### Avdøde:

Kåre Solheim	f.1943
Birger Andreas Sletteland	f.1948
Åse Alisøy	f.1930
Odd Arne Mykebust	f.1947
Ivar Fleten	f.1925
Arne Ness	f.1931
Bernhard Ingolf Kirketeig	f.1922

## Folkestad

### Døpte:

Madikken Marie Sand Bakken Løseth (døpt ved Korssundkrossen)

## Hellevik

### Avdøde:

Rolf Alfheim f. 1942

Korleis har du det...

# EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300

Epost-teneste: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å PRATE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

# Kyrkjekoret Cantus 30 år

Det vert jubileumskonserter søndag 25. oktober kl. 18.00 i Dale kyrkje. Der får ein høyre gamle og nye songar som Cantus har sunge gjennom åra. Vi inviterer alle gamle kormedlemmer, og elles ynskjer vi både unge og gamle velkomne til å komme og høyre på oss denne kvelden.

Etter konserten blir det fest på Ljosheim med kåseri og sosialt samvær med mat og drikke. Der alle kan få eit tilbakeblikk av Cantus gjennom 30 år. Der vonar vi at folk blir med.



Det vert ei variert musikalsk oppleving med solistane Leif Gunnar Igelkjøn, som vår eigen Elvis, Joy Taylor og Marie Skadal. Elvis-avdelinga blir

med band samansett av dyktige musikarar: Øyvind Dybvik (gitar), Harald Løkeland (bass) og Mats Systaddal (trommer). Elles blir det litt Jakob Sande, kjende salmar og viser, og nokre storslåtte klassiske meisterverk med orgel. Mark Taylor har dirigert Cantus halvparten av dei 30 åra. Ta turen og høyre på oss, nyt ein timmes musikalsk kveld med kyrkjekoret Cantus og sosialt samvær på Ljosheim etterpå.

*Cantus v/ Marie Skadal*



## Ny kunstutstilling

blir det i Dale kyrkje i samband med den store jubileumskonserteren til Cantus **søndag den 25. oktober**. Denne gongen er det tekstilkunstnar- en Berit Kråkenes (f. Haugland) som stiller ut. Ho kjem opphaveleg frå Dale og er kjend for sine vakre naturbilete og kyrkjetekstilar. Nokre av bileta vil vere til sals. **Kunstutstillinga opnar kl. 17.00**, altså ein time før konserten tek til.

## Førjulsconcert med Pretiosa

Folkemusikktrioen Pretiosa er sett saman av Ellen Therese Thuland – vokal og hardingfele, Sølvi Lien - hardingfele og Arngunn Timenes Bell - hardingfele. Alle tre kjem frå Sunnfjord. På repertoaret deira finn ein vokal og instrumental tradisjonsmusikk frå heile Sogn og Fjordane, men i hovudsak frå Sunnfjord. Dei jobbar mykje med å leite fram tradisjonsmusikk frå arkivopptak, notenedskrifter men og hjå levande tradisjonsberarar. Materialet kler dei i ny drakt med sjølvkomponerte arrangement.

På leiting i arkiva har dei etter kvart kome over mange fine julesongar og religiøse folketonar frå distriktet. Også mange av desse er heilt ubrukte og ukjende for dei aller fleste. Nokre er variantar av meir kjende julesongar, men i ny form. Dette tykkjer Pretiosa er triveleg materiale som dei gjerne vil formidle til publikum. Hausten 2007 hadde dei to konsertar der dei presenterte noko av dette stoffet. Med på laget var då to dyktige medmusikarar: Kjell Ivar Aase - harmonium og Vidar Berge - gitarar. Etter godt samarbeid i gruppa og god mottaking frå publikum har arbeidet halde fram med å leite fram og å ta i bruk fleire av dei gamle juleskattane som finnast. I desember 2009 er det igjen klart for ein ny konsertserie. Denne gongen vert konsertlokala kyrkjer i Sunnfjord: Onsdag 9. desember vert dei å høyre i Guddal kyrkje.



# Velkommen til kyrkje

## DALE KYRKJE

**Sundag 18. oktober (Nord/sør søndag) kl.11:00**

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Konfirmantane og UWC-elevar deltek. Nattverd. Offer til Care Norge.

**Sundag 25. oktober kl.18:00**

Jubileumskonsert for Cantus med kunstutstilling ved Berit Kråkenes. Kunstutstillinga opnar kl.17.00. Jubileumsfest på Ljosheim etterpå med kauseri, kaker og bilete. Billettsal kr.100.

**Sundag 1. november (helgemesse) kl.16:00**

Songgudsteneste ved Sande og Taylor. Cantus og band deltek med Visst skal våren komme. Vi minnest våre døde. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

**Sundag 15. november kl.11:00**

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Utdeling av 4 års bok. Laurdagsklubben deltek. Dåp. Offer til Sogn og Fj Søndagsskulekrins. Orgelbrus på Ljosheim.

**Sundag 29. november kl.19:00**

Lysmesse ved Kummeneje og Taylor. Barnekoret, 4.årssteg frå Dingemoen skule og konfirmantane deltek. Offer til barne og ungdomsarbeid.

**Sundag 13. desember kl.11:00**

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Nattverd. Offer til Strømmestiftelsen.

**Tysdag 15. desember kl.19:30**

Julekonsert. Kollekt til Fond for kyrkjekonsertar.

## GUDDAL KYRKJE

**Sundag 1. november (helgemesse) kl.11:00**

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Familiekoeret deltek. Vi minnest våre døde. Nattverd. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

**Onsdag 9. desember**

Førjulsconcert Gamle julesongar frå Sunnfjord og kjende julesongar med trioen Pretiosa, Vidar Berge (gitar) og Kjell Ivar Aase (trørgel). Billettsal.

**Sundag 13. desember kl.16:00**

Lysmesse ved Kummeneje og Taylor. Familiekoeret og konfirmantane deltek. Utdeling av 4 års bok. Offer til Alværa Misjonssenter.

## HELLEVIK BEDEHUSKAPPELL

**Sundag 6. desember kl.19:00**

Lysmesse ved Kummeneje og Taylor. Do Re Mi og konfirmantane deltek. Offer til barne og ungdomsarbeid

## FOLKESTAD BEDEHUSKAPPELL

**Sundag 11. oktober kl.11:00**

Gudsteneste ved Sande og Eiken. Nattverd. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

**Sundag 1. november (helgemesse) kl.19:30**

Gudsteneste ved Sande og Eiken. Vi minnest våre døde. Nattverd. Offer til Folkestad bedehuskapell.

**Sundag 22. november kl.11:00**

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Utdeling av 4 år bok. Do Re Mi deltek. Offer til barne og ungdomsarbeid. Orgelbrus i kjellaren.

**Sundag 13. desember kl.19:00**

Julekonsert. Do Re Mi og Fure og Våge Songlag deltek. Kollekt til Fond for Kyrkjekonsertar.

## STRAUMSNES GRENDAHUS

**Sundag 8. november kl.14:00**

Gudsteneste ved Sande og Eiken. Kyrkjekaffi. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet.



# Sending

Siste delen av liturgien heiter "Sending", men heile gudstenesta er eigentleg ei sending. Dei siste orda presten sa på latin "Ite missa est!" tyder ordrett "Gå, det er sending!" Ordet missa har gitt gudstenesta namnet "messe" på norsk, samtidig som det tyder sending – slik er det eit tett samband mellom gudsteneste i kyrkerommet og vår teneste ute i verda.

Gudsteneste er ei samling av dei døypte, og dåpen er innviing til teneste. Når presten seier orda "Gå i fred. Ten Gud og nesten din med glede", er alle døypte sende til familiar, nabolag, vena-lag og arbeidsplassar for å gje vidare med ord og handlingar det dei sjølve har fått del i. Men vi er også sende ut for å ta i mot – i møte mellom menneske er alle som deltek forandra. Gud er å finne i desse møta!

Den Heilage Ande har utrusta oss med ulike gaver, og desse rike gåvene, våre evner og eigenskar, vår tid og våre pengar,

ventar å bli teke i bruk for Gud. Vi seier i liturgien at vi er éin kropp, for vi har alle del i det eine brødet. Kyrkjelyden er Jesus sin kropp i Fjaler – vi blir Jesus sin munn, sine hender og føter ute i verda.

Så eigentleg har gudstenesta inga avslutning – i sendinga blir det bygt bru frå tilbeding og lov-song i Guds hus til den gudstenesta kvar av oss skal feire vidare i kvardagen, som Matias Orheim har skrive:

*Eg har ei teneste stor for Gud frå dag til dag i det stille... Ja, skal eg eingong det store få, eg må med truskar i alt det små i Jesu fotefar lydig gå og vilje det Jesus ville. (NoS 750)*

Når vi går frå kyrkja for å leve som lemmer på Kristi kropp i verda, må vi sanneleg tene med glede og hugse det som profeten Malaki har sagt: De skal gå ut og kjæta dykk som kalvar når dei slepp or fjøset! (Mal 4, 2b)

mt

## Kyrkjeblad for Fjaler

Bankkontonr. 3755 20 73135  
Bladpengar kr. 150,-/175,- for året.  
Redaktør: Joy Taylor  
Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s.  
fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

## Kyrkja i Fjaler

www.fjaler.kyrkja.no

Kyrjekontoret, pb 18, 6961 Dale  
Telefon 57 73 97 70 Faks 57 73 97 77

Kyrjekontoret er ope  
måndag-torsdag kl.09.00-14.00  
fredag kl.09.00-12.00

### Tilsette med kontorlass:

**Sokneprest Knut Arne Kummeneje**  
Jobb: 57 73 97 73 Priv: 57 73 86 32  
Mobil: 90 85 52 30  
knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

**Kyrkjeverje Irene Fløde**  
Jobb: 57 73 97 71 Priv: 57 73 68 82  
kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

**Kantor Mark Taylor**  
Jobb: 57 73 97 74 Priv: 57 73 61 65  
kantor@fjaler.kyrkja.no  
Mark har fri kvar torsdag.

**Seniorprest Sigurd Wahl Sande**  
Jobb: 57 73 97 75 Priv: 57 73 61 44  
mobil: 90 89 73 17  
sigurd.sande@fjaler.kyrkja.no  
Sigurd har fri ei veke pr måned.

**Sekretær Joy Taylor**  
Jobb: 57 73 97 72  
kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no  
Joy er på kontoret  
tysdag og fredag kl.09.00-13.00.

### Kyrkjetenarar:

**Dale kyrkje**  
Joy Taylor tlf: 57 73 61 65

**Guddal kyrkje**  
Liv Svanhild og Reidar Langeland  
tlf: 57 73 88 21

**Hellevik- og Folkestad bedehusapell**  
Sigrid Kleppe tlf: 57 73 53 57

### Fjaler sokneråd

Leiar Terje Halsnes tlf: 57 73 55 95

**Beredskapstelefon ved akutt behov utanom kontortid 95 48 31 52.**



# Knut Arne og 6-åringane fortel om skapinga

"I begynnelsen skapte Gud himmelen og jorda. Jorda var aud og tom, og mørkret låg over havdjupet. Men Guds Ande sveiv over vatnet."

"Gud kalla det faste landet jord, og vatnet som hadde samla seg, kalla han hav."



"Gud skapte tre, blomar og plantar med frø."



"Gud skapte lyset og skilte lyset frå mørkret og kalte lyset dag og mørket natt. Gud skapte sola, månen og stjernene."



"Gud skapte fisk i havet, dyr på jorda og fuglar under himmelen."



"Til slutt skapte Gud det vakraste av alt. Han skapte mennesket i sitt bilete. Gud såg på alt han hadde skapt. Og sjå – det var overmåte godt!"